



## ÅRSMELDING 2016 KONTROLLUTVALET - RADØY KOMMUNE

### Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2016 til 31.12.2016. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

#### Faste medlemmer:

- Arild Tveranger (leiar)
- Astrid Nordanger (nestleiar)
- David Pletten Aasgard
- Cyril Marøy
- Ane Ottesen (t.o.m. 08.12.2016)
- Siv Beate Marøy (f.o.m. 08.12.2016)

#### Varemedlemmene:

- Arne Manger
- Sven Olav Saltnes
- Siv Beate Marøy (t.o.m. 08.12.2016)
- Karolina Vakt skjold (f.o.m. 08.12.2016)
- Rune Mellingen
- May Iren Sylta

Kommunestyret gjorde eit suppleringsval i sak 066/2016 i kommunestyremøte 08.12.2016. Siv Beate Marøy vart vald inn som fast medlem for Ane Ottesen som gjekk ut pga. flytting frå kommunen. Karolina Vakt skjold vart vald inn som 3. vara i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løypande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ein forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. I sak 07/16 vedtok kontrollutvalet grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Radøy kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

Frå og med 01.07.2013 er kontrollutvalet sine møter opne på lik linje med andre politiske møter, og kontrollutvalet kan med heimel i lova lukke møter i enkeltsaker. Utvalet har hatt 5 møter i 2016 og handsama 43 saker inklusiv formaliasaker.

### Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene ivaretas hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Radøy kommune er medeigar av Nordhordland Revisjon IKS, som er eit interkommunalt revisjonsselskap eigd av dei sju kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert iverksatt. Nordhordland Utviklingselskap IKS ivaretar sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Sekretær for kontrollutvala er for tida Tonje Husum Aarland.

## Saker i 2016

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte. Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordfører for å få naudsynnte opplysningar i aktuelle saker.

Kontrollutvalet skal gi ein uttale til kommunen sitt rekneskap. Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2015 vart handsama i sak 13/16 i utvalsmøte 04.05.16. Kontrollutvalet peika mellom anna på at netto driftsresultat for 2015 var positivt på 12,4 mill. kr. Dette skuldast «ekstraordinære tilskot» som vert bokført først i 2016 på ca. 9 mill. kr, slik at driftsresultatet for den ordinære drifta er på 2,9 mill. kr. Det utgjer ca. 1% av driftsinntektene, og er framleis under målet om 1,75%. Eit positivt netto driftsresultat syner likevel om ei positiv økonomisk utvikling i Radøy kommune, samanlikna med tidlegare år. Kommunen har tidlegare gjort seg avhengig av ubrukte lånemidlar for å halde likviditeten oppe, men likviditeten er ikkje lenger like stram som den har vore.

Utvalet ser på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene. I løpet av 2016 har kontrollutvalet saman med sekretariatet og revisjonen jobba igjennom overordna analyse for å innstille til ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll for denne perioden.

Planen for selskapskontroll vart handsama av kontrollutvalet i sak 15/16 og av kommunestyret i sak 29/2016 i møte 19.05.2016. I planen for selskapskontroll skal følgjande selskap prioriterast i denne perioden:

- Sambandet Vest AS

Planen for forvaltningsrevisjon vart handsama av kontrollutvalet i sak 06/16 og vedtatt av kommunestyret i sak 018/2016 i møte 03.03.2016. I planen for forvaltningsrevisjon skal følgjande område/prosjekt prioriterast i denne perioden:

- Barnevern
- Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren»
- Innkjøp/offentlege anskaffingar (dvs organisering, innkjøpsavtalar og ansvarstilhøve, kompetanse og oppdatering i høve til avtalar og lovverk m.v.)

I sak 29/16 handsama kontrollutvalet forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune». Rapporten har underøkt kva system som er etablert for å følgje opp barn i fosterheim og i rapporten har revisjonen på grunnlag av konklusjonane fleire tilrådingar til barnevernstenesta i Radøy kommune. Rådmannen, kommunalsjef for helse, omsorg og sosial og barnvernsleiar møtte i saka. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp rapporten og administrasjonen sine oppfølgingstiltak innan oktober 2017.

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har mellom anna lagt fram uavhengighetsærklæring. Revisjonen av årsrekneskapen er

tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning, jf. revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 30.03.2016 og revisjonsrapport nr. 13 datert 30.03.2016.

Andre saker som vart handsama i 2016:

- Orientering om nr. brev nr 12
- Fleire innspel og brev om saker til kontrollutvalet
- Prosjektplan forvaltningsrevisjon barnevern
- Revisjonsmelding for pasientrekneskap ved Radøy Velferdssenter
- Orientering om mobbing i Radøy skule
- Orientering om beredskap i kommunen
- Orientering om kommunestruktur
- Orientering om tilsynsrapport – Kommunen sitt ansvar for at skulane følgjer krava i opplæringslova kapittel 9a
- Oppfølging av merknader i revisjonsrapport nr. 13
- Orientering om økonomisk status i høve til budsjett
- Orientering om møteportal for politikarar
- Orientering om kurs

### **Andre kommentarar**

I 2016 deltok fleire av medlemmene på kurs for kontrollutvalsmedlemmer som vart arrangert i Knarvik 20. januar og på innføringskurs kommuneøkonomi.

*Manger, 10. februar 2017*

*Arild Tveranger  
Leiar kontrollutvalet Radøy kommune*